

Saksprotokoll fylkestinget - 16.06.2021

SOLIDARITET MED DET PALESTINSKE FOLKET!

I over 50 år har staten Israel okkupert palestinske område og skapt ein apartheid-stat. Millionar av palestinrarar er drivne på flukt. Gaza er i realiteten blitt eit stort ope fengsel med over 2 millionar menneske på eit lite landområde. Den siste tida er nok eingong hundrevis av palestinrarar blitt drepne og tusenvis alvorleg skadde etter israelske angrep på Gaza-stripa. Urovekkande mange av dei er born. Mange tusen er blitt heimlause, og har mista sine kjære våren 2021. Dette har skjedd i ein særskrivende situasjon ved sjukehusa, med allereie manglande ressursar til å ta hand om covidpasientar.

Sjølv om FN, mange land og internasjonale organisasjonar har tatt sterkt avstand frå den israelske okkupasjonen og krigshandlingane den siste tida har ikkje dei israelske styresmaktene latt seg påverke til å endre kurs. Etter det israelske nyvalet nyleg, er situasjonen meir open. Dette må Norge og dei andre landa i Tryggjingsrådet i FN nytte til å stille krav til den nye regjeringa i Israel. Vestland fylkesting må no utfordre den norske regjeringa til å ta eit ansvar for å skape fred i Midtausten og vise solidaritet med det palestinske folket som har levd under kolonialisme i 5 generasjonar og stadig må leve med dei brutale følgjene av at den folkerettsstridige Israelske okkupasjonen held fram.

Fagforbundet og LO sin humanitære hjelpeorganisasjon Norsk Folkehjelp har avdekkat Statens pensjonsfond utland (SPU/Oljefondet) har investert i 64 selskap med verksemder på okkupert palestinsk område.

Ein tredel av desse porteføljeselskapa finnes i lista over selskap som FNs høgkommissær for menneskerettar publiserte i februar 2020. FN-lista har selskap som har aktivitetar som høgkommissären hevda er heilt i strid med folkeretten og FN sine prinsipp for ansvarleg næringsliv. Investeringane er på rundt 165 milliardar kroner, og kan knytast til israelsk busetnad på Vestbredden eller til okkupasjonsøkonomien elles.

3. mai lanserte Fagforbundet og Norsk Folkehjelp kampanjesida www.fagforbundet.no/oljefondet. Hittil har rundt 11 000 personar sendt brev til Norges Bank, Etikkrådet, finansministeren og Stortingets finanskomité og bede om at Norge trekkjer Oljefondet ut av alle desse selskapa.

På denne bakgrunn vil eg spørje fylkesordføraren:

1. Er fylkesordføraren samd i at norske styresmakter og Norge som medlem av Tryggjingsrådet må ta eit mykje større ansvar for å løyse konflikten i Midtausten og sikre palestinrarane sine menneskerettar?
2. Er fylkesordføraren samd i at Oljefondet ikkje skal nyttast til investeringar i strid med folkeretten og FN sine prinsipp for ansvarleg næringsliv?

Framlegg til vedtak:

1. Vestland fylkesting er djupt bekymra for framtida for det palestinske folket og vil sterkt oppmode regjeringa om å ta ansvar, m.a. gjennom Tryggjingsrådet i FN for at palestinrarane sine menneskerettar blir respektert.
2. Vestland fylkesting vil sterkt oppmode om at Oljefondet snarast trekkjer seg ut av alle investeringar i område som Israel har okkupert og andre selskap som driv i strid med folkeretten og FN sine prinsipp for ansvarleg næringsliv.
3. Vestland fylkeskommune skal ikkje kjøpe varer eller tenester som er produsert i strid med folkeretten på okkuperte område, eller direkte eller indirekte investere i selskap og fond som medverkar til brot på folkeretten. Aktuelle leverandørar skal gjere greie for at dei tilfredsstiller desse krava.

Svar frå fylkesordføraren:

Saman med verdssamfunnet har me alle vore vitne til vårens tragiske utvikling i konflikta mellom israelarar og palestinrarar. Begge sider må ta sin del av ansvaret for denne siste oppflamminga, og dei menneskelege lidningane dei har ført til. Det må jobbast målretta for å få ein slutt på valdshandlingane.

Spørsmål 1: Er fylkesordføraren samd i at norske styresmakter og Norge som medlem av Tryggjingsrådet må ta eit mykje større ansvar for å løyse konflikten i Midtausten og sikre palestinrarane sine menneskerettar?

Svar: Konflikta mellom israelarar og palestinrarar er ei særskrivende kompleks sak som det ligg til dei nasjonale styresmaktene å arbeide med. Fylkesordføraren forventar at dei tek dette ansvaret i alle

aktuelle fora, og i samarbeid med andre aktørar som jobbar for at konflikta skal få ei fredeleg, permanent løysing.

Spørsmål 2: Er fylkesordføraren samd i at Oljefondet ikkje skal nyttast til investeringar i strid med folkeretten og FN sine prinsipp for ansvarleg næringsliv?

Svar: Som representanten kjem inn på, har Noreg eit særskilt reiskap til påverknad i Statens pensjonsfond utland, som regel kalla Oljefondet. Investeringane til fondet har sidan 2004 skjedd på grunnlag av eigne etiske retningslinjer. Fylkesordføraren forventar at investeringane til Oljefondet står oppunder styresmaktene sine overordna mål, også i Midtausten-spørsmålet.